FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

# Ureiningstilsyn
# Inspeksjonsrapport

Sakshandsamar: Dagny K. U. Alvik
Telefon: 57 64 31 42
E-post dagny.alvik@fylkesmannen.no

Vår dato
17.02.2016

Vår referanse
2010/15623
Rapportnummer
2016.011.I.FMSF

Sogndal lufthamn
Avinor AS
Pb 150
2061 Gardermoen

## Tilsyn ved Sogndal lufthamn - krav om retting av avvik – vedtak om gebyr

Rapporten omhandlar funn som kontrolløren kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalt som *avvik* frå krav i ureiningslova med forskrifter, *merknader* om forbetringspunkt eller *andre forhold* som kan vere viktig å omtale nærare. Rapporten omtalar også vedtak om kontrollgebyr.

| | |
|---|---|
| Tilstades under kontrollen<br>Frå verksemda:<br>Svein Sanden og Kjell Terje Dalaker | Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen:<br>Grete Haugan og Dagny K. U. Alvik |
| Desse hovudtema vart kontrollert:<br>☒ Internkontroll (ytre miljø)<br>☒ Risikovurdering<br>☒ Utslepp til luft eller vatn<br>☐ Støy<br>☒ Løyvet med vilkår<br>☒ Forskriftskrav<br>☐ Anna: | ☐ Avfallshandtering ordinært avfall<br>☒ Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering)<br>☐ Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering)<br>☐ Sikkerheitsdatablad<br>☐ Substitusjon |
| Bakgrunn for kontrollen:<br>☐ Frekvensbasert inspeksjon<br>☐ Frekvensbasert revisjon<br>☐ Kontrollaksjon<br>☐ Ny verksemd (ikkje kontrollert før)<br>☐ Nytt løyve (ikkje kontrollert før) | ☐ Oppfølging av eigenrapport<br>☐ Oppfølging av klage/hending/tips<br>☒ Oppfølging av siste kontroll<br>☐ Kartlegging<br>☐ Anna: |

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist **2 avvik** frå ureiningsregelverket. Melding om retting av avvik må vere send til Fylkesmannen innan 15.03.2016.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker etter at rapporten er motteken. Varsla kontrollgebyr vert då send frå Miljødirektoratet for innbetaling til staten.

Vi vil nytte høvet til å takke for ein god gjennomgang hjå verksemda.

Med helsing

Grete Haugan
senioringeniør

Dagny Alvik
senioringeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift*

## 1. Informasjon om verksemda:

| | |
|---|---|
| Namn på anlegg: **Sogndal lufthamn**<br>Namn på verksemda: **Avinor AS** | Organisasjonsnr.: **874 720 062**<br>Eigd av: **985 198 292** |
| Stad og kommune: **Haukåsen, Sogndal** | Kontrolldato: **09.02.2016** |
| Postadresse: **Pb 150, 2061 Gardermoen** | Løyvedato og internt nr.: **11.03.2014** |
| Risikoklasse: **3** | ☐ ISO 14001-sertifisert ☐ EMAS-registrert |

## 2. Om kontroll frå ureiningstilsynet

Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument (skriftlege og elektroniske), ved intervju av leiing og sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde i praksis.

Rapporten inneheld omtale av avvik og merknader innan dei granska områda av ureiningsregelverket der Fylkesmannen har tilsynsansvar. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Definisjonar

| | |
|---|---|
| **Avvik** | Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleiks-lovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrollova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.) |
| **Merknad** | Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak. |

Vi gjer merksam på at ein kan finne oversikt over miljøloverket på www.lovdata.no eller vist til frå www.miljodirektoratet.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta.

## 3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka innan **15.03.16** eller dato/ar for planar for gjennomføring. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto. Dersom de meiner at det ikkje let seg gjere å rette opp avvika innan den nemnde datoen, må de skriftleg gjere greie for årsaka *før* fristen for attendemelding.

## 4. Gebyr for kontroll med verksemd med utsleppsløyve

Vi viser til omtalen under kontrollen, og vedtak om utsleppsløyve datert 11.03.2014. Plasseringa av verksemda i risikoklasse 3 vil seie at verksemda etter gjeldande sats i § 39-6 i ureiningsforskrifta skal betale eit gebyr på kr. 12 500,- til staten for den gjennomførte kontrollen. Miljødirektoratet vil seinare sende ut faktura for innbetaling til statskassa.

## 5. Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

# 6. Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

---

**Avvik 1** **Lufthamna har manglar i internkontrollen**

**Avvik frå:** Internkontrollforskrifta § 5

**Kommentarar:**
**Avvikshandtering**
Til tross for eit år med utprøving av ny avvisingsplattform og oppsamling av ureina glykol, er det registrert lite avviksmeldingar. Det har vore gjort vurderingar av avvisingsplattform etter eitt år i drift. Mellom anna er det gjort endringar på flyplassering, auka areal for avising mm. Det er viktig at alle utfordringar i den daglege drifta, nesten uhell, avvik mm vert registrert i avvikssystemet. Døme som kom fram under tilsynet var til dømes feilmeldingar på elektronisk varselsystem for oppfylling av tank, prøvetakarar som frys ol.

**Risikovurdering**
Etter førre tilsyn gav de tilbakemelding på at det skulle gjerast ei miljørisikoanalyse med hovudfokus på korleis ein skal redusere skadelege utslepp til vatn og grunn. De sette då frist til 31.08.2015 for gjennomføring, men dette er enno ikkje gjennomført.

I dykkar handlingsplan for 2016 er det sett opp ny frist til 31.12.2016. Det skulle ha vore ei risikovurdering på plass før ein tok avvisingsplattforma i bruk, og Fylkesmannen meiner dette no må gjerast så snart som råd. Det må seinast bli gjort i samband med evalueringa av korleis oppsamlinga fungerte no når avisingsperioden er over.

**Skriftelege rutine**
De har no fått eige måleutstyr for glykol. Det er viktig at det kjem på plass skrifteleg rutine som omtalar prøvetaking og korleis ein skal utføre målingane.

---

**Avvik 2** **Lufthamna har ikkje god nok kontroll på oppsamling av glykol**

**Avvik frå:** Utsleppsløyve datert 11.03.2014

**Lufthamna har overskride ramma for bruk av avisingskjemikal**
Sogndal lufthamn har løyve til eit forbruk av flyavisingskjemikal tilsvarande 6000 l 100% glykol. I 2015 vart det nytta 6849 l, eit forbruk på 114% av ramma. Nær halvparten av mengda vart nytta siste månaden. Dersom lufthamna ser at ramma er for låg, må de vurdere om det er behov for å søkje om utvida ramme.

**Lufthamna kan ikkje dokumentere oppsamlingsgrad av glykol**
Det er ikkje kritisk at ramma er overskride, men viktigare at mest mogleg av den brukte glykolen vert samla opp. Det er eit krav at oppsamlingsgraden av brukt glykol til ei kvar tid skal optimaliserast. I samråd med Avinor vart det under utarbeiding av nytt utsleppsløyve sett ein forventning på oppsamlingsgrad på 75 %. Lufthamna har gjort målingar av vatnet som er samla

opp, men ikkje gjort berekningar/vurderingar av kor mykje dette utgjer av totalmengda av brukt glykol.

**Utslepp av glykolhaldig vatn**
I prosedyren for bruk av avisingsplattforma står det at ein kan sleppe ut innhaldet i tankane til Ysterudbekken dersom nivået er under 300 mg/l. Dette er ikkje i samsvar med løyvet som krev at mest mogleg vert samla opp. Ved større avvisingsareal blir meir nedbørsmengde samla opp, og dermed konsentrasjonen på glykolen lågare.